

Referat frå styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 3. mai i Vindafjordhallen kl. 19.30

Desse møtte: Kristin Ove Skare, Anne Nesheim Myhre, Magne Skrunes, Jon Olav Velde
(**Kunne ikkje møta:** Severin Fatland, Hilde Fadnes Hølland, Alf Egil Vaula og Per Fatland)

1. Orientering om sykkel- og gangsti Knapphus til Kårhus - framdriftsplan.

Leiaren i grendautvalet, Jon Olav Velde, var i møte med Vindafjord kommune og Statens vegvesen den 23. mars i Skjold og drøfta saka om å få til reguleringsplan for sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus. Det vart også drøfta å få til betre kryssingar av vegen frå Knapphusfeltet over Rv. 46 og krysset frå E 134 til Rv. 46. På dette møtet var det 3 repr. frå Statens vegvesen, 4 repr. frå kommunen og så leiaren frå grendautvalet. Alle hadde stor forståing for å få til ein reguleringsplan på denne vegstrekninga og var positive til å arbeida vidare med saka..

Det blir synfaringar, grunnmålingar og utarbeidingar av planar.

Resultat: Det blei nedsett ei prosjektgruppe med representar frå Statens vegvesen, Vindafjord kommune og frå Grendautvalet som skal arbeida vidare med saka..

Frå Grendautvalet møter leiaraen.

Det blir nytt møte 8. mai på Sandeid Kl.10.00 på teknisk avdeling.

2. Søknad om kommunal stønad til blomar og planter ved Vindafjordhallen.

Rådmann en har i notat frå 27. mars til formannskapet føreslått fordeling av midlar til ”Blomsterprosjekt/vårdugnad 2012” til alle bygdene i kommunen. Formannskapet såg positivt på dette. Vats kan søka om å få 3000,- kr til dette. Pengene blir utbetalt mot vedlagt dokumentasjon av utgiftene.

Leiaren har teke kontakt med styret i Vindafjordhallen om dette. Dei vil kjøpa inn planter og utstyr og pynta ved inngongspartiet.

Leiaren/kasseraren i grendautvalet tek mot kvitteringane og sender inn søknad til kommunen som vil dekke utgiftene på inntil 3000,-kr.

Grendautvalet er svært glad for dette handslaget frå kommunen.

3. Høyringsuttale om barnehageutbygging i Vats.

Styret i Vats Grendautval har lese gjennom høyringsdokumentet og drøfta innhaldet. For Vats sin del ser det bra ut med barnehagedekkinga for øyeblikket, men me ser at dersom barnetalet skulle auka ein del og den private barnehagen hos Hatteland bli lagt ned, vil kommunen få eit stort problem med å ha for liten kapasitet.

Når det nå er bestemt at kontantstøtta skal vekk frå august 2012, må ein rekna med at behovet for barnehageplassar også vil auka.

Leiaren i grendautvalet har snakka med leiaren i Vats barnehage, Ulla Johansen, om nå-situasjonen. Ho sa at Vats barnehage kan utvidast med ein avdeling med 8 – 9 barn, men ut over det vil kapasiteten vera sprengt.

Eit anna argument for at behovet vil auka, er at mange foreldre ynskjer å vera ute i jobb i heile stillingar, og då vil behovet for at borna skal gå 4 – 5 dagar/veka i staden for 2 dagar vil også auka.

Fleire foreldre har ikkje fått tildelt dei dagane dei i utgangspunktet ynskjer og vil av den grunn ha behov for fleire dagar. Dette aukar også presset på kapasiteten til barnehagen.

Vats barnehage har eit svært godt uteområde – romsleg og godt, men her manglar det mykje uteleiketilbod. Det som er av tilbod ute, er nedslite eller gammalt og utrangert. Ein god del av utstyret er fjerna, men er ikkje blitt erstatta. Det trengs sårt til fornying av aktivitetsapparat ute.

Utbygging:

Grendautvalet ser at Vats har brukbar barnehagekapasitet nå, men vil be kommunen om å vera på vakt og vera budd på å utvida med ny avdeling i eksisterande bygg. Kommunen må også sjå om det er mogleg med utbygging av eksisterande bygg eller å byggja ut barnehage nr 2 for å innfri kravet om full barnehagedekking om nokre år. Kommunen må eventuelt vurdere ny barnehage på ny lokasjon annan stad i Vats om naudsynt.

4. Høyringsuttale om konsekvensutredning for avvikling og disponering av Statfjord C Lastebøye (SPM-C)

Denne lastebøyen blei teken ut av produksjon 2005 og er meint å fraktast til Vats-/Yrkesfjorden sommaren 2012 for demontering ute i fjorden og opphogging inne på land hos AF Decom sin Miljøbase på Raunes.

Høyringsdokumentet som er ei forenkla konsekvensutredning, syner korleis arbeidet skal føregå og kva for konsekvensar dette får for miljøet rundt fjordsystemet.

Vedtak: Grendautvalet har tidlegare støtta seg til ulike uttalar frå kontrollerande myndigheter som har konkludert med at denne operasjonen vil medføra liten og ingen skade for miljøet når alle forholdsreglar blir teke i bruk. Sjølve demonteringa av helikopterdekket og lastebøyen skal skje ute i fjorden og fraktast til land i to separate delar. Opphogginga av modulane skal skje på land – alt arbeid skal utførast etter godkjende prosedyrar.

Slik det er skissert og forklart tidlegare og i høyringsdokumentet, ser operasjonen ut til å vera utan risiko for miljøet.

NB: Grendautvalet vil likevel presisera og oppfordra Statoil og dei kontrollerande myndigheter v/Klif og Fylkesmannens miljøavdeling om at dei ser nøye etter at alt arbeid må skje på forsvarleg og kontrollert måte . utan fare for forurensing.

5. Brev frå Vats sokneråd om stønad til kateket/kyrkjelydspedagog.

Grendautvalet har motteke søknad frå Vats sokneråd v/Arild Urdal om å vera med å støtta økonomisk når dei skal tilsetja ein kateket/kyrkjelydspedagog.

Vedtak: Vats Grendautval disponer ikkje pengar utover sine eigne utgifter og kan ikkje støtta søknaden.

6. Tilskot til ulike investeringstiltak.

Grendautvalet har fått brev frå kommunen om at det kan søkast og få stønad til ulike tiltak dersom utvalet har gode forslag til t.d. utforming av turområde og tilgjenge av "det offentlege rom" for alle - uavhengig av funksjonsnivå. Utvalet kan få dekka 50 % av utgiftene. Søknadsfrist 1. mai og 1. okt..

Vedtak: Grendautvalet kan ikkje halda 1. mai-fristen nå, men vil ta dette opp i eit anna møte om det kjem inn idear for slike tiltak

7. Orientering om prosjektet "Vatsvassdraget"

Prosjektet Vatsvassdraget arbeider aktivt vidare med å få til tiltaksplanar som kan betra vasskvaliteten. Her må det arbeidast langsiktig, men med å ha fokus på tiltak og ha tolmodighet, håpar ein at det vil gi resultater på sikt.

Av tiltak som prosjektgruppa har sett i gong, kan nemnast:

- a. Miljøvennleg gjødsling – bruk av slangespreierar ved naturhevd.
- b. Ta gjødselprøvar i gjødselkummane før utkjøring på åker og eng.
- c. Gjødsel frie randsoner langs elvar og vatn.
- d. Planleggja reinseparkar – her er fleire under planlegging hos bønder.
- e. Ta regelmessige vassprøvar i elevar og bekker som renn ut i vatna og senda desse inn til analysing – her er NIVA medhjelpar.
- f. Ta jordprøvar – analysa desse for å få rett gjødsling
- g. Bruk av mindre mengder kunstgjødsel, særleg gjødsel med mindre fosfor.

8. Orientering om "Kulturveka i Vats 2012"

Leiaren har vore i møte med kulturvekekomiteen og kan orientera om korleis programmet blir dette året.

Tidspunkt: 3. – 10. juni 2012

Brosjyre: Brosjyrene med fullt program går nå i trykken og vil bli lagt ut til alle husstander før 17. mai.

Kunngjeringar: Annonse og omtale i Haugesund Avis og Grannar + plakatar fleire stader + brosjyrer til alle husstander i Vats + rundt omkring på ulike kontor i kommunen og på heimesida til Vats: **vatsnett.com**

Grendautvalet håpar at folk vil møta opp på dei ulike arrangementa desse dagane.

Øvre Vats 3. mai 2012

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-